



SPRÅKÅRET

Kinesisk sidemålsdebatt

■ Hamar dialekt- og malling arrangerte ei rekke foredrag i samband med Språkåret 2013. Det siste var om kinesisk. Noko fekk meg til å tenkje på språksituasjonen i Noreg.

Kinesisk er ikkje «berre» kinesisk. Når vi snakkar om norsk skriftspråk, må vi spesifisere om vi meiner bokmål eller nynorsk. Når det gjeld kinesisk, må vi spesifisere om vi meiner mandarin eller kantonesisk – eventdarin eller kantonesisk – eventuel wu. Forholdet mellom majoriteten og minoritetane er ca. 1:10, dvs. meir eller mindre som i Noreg; bortsett frå at bokmål og

nynorsk i utgangspunktet representerer det same språket norsk, og at det sjølvstgt er mange fleire menneske i Kina.

Bortimot ein milliard menneske snakkar mandarinkinesisk, og nesten 20 prosent av verdas befolkning er kinesarar. I den målestokken er Noreg eit forsvinnande lite land, og norsk eit lite språk.

Det finst mange ulike språk og dialekter innanfor det kinesiske, men ein grunn til at Midtens rike har halde relativt godt saman i så lang tid, er at skriftspråket ikkje er basert på lyd, men på

teikn som viser til konkrete eller abstrakte ting.

Når skriftteikna ikkje viser til uttalen av orda, er det sjølvstgt språket på tvers av dialekter og språk. Då skulle ein tru at kinesarane ikkje har noko så «eksotisk» som rettskrivingsreformer og sistede skriftspråk, slik vi har i Noreg. Men det har dei faktisk!

Klassisk kinesisk har ei lang historie og tradisjon, men på 1900-talet meinte ein det var behov for ei reform. Dei klassiske kinesiske skriftteikna skulle forenklast.

Derforde til at ein fekk ein situasjon som kan samanliknast med oppdelinga i bokmåls- og nynorskrområde i Noreg. Folkerepublikken Kina brukar først og fremst dei forenkla teikna, mens ein i Hong Kong og Taiwan held fram med å skrive dei tradisjonelle teikna.


Det var altså ikkje nødvendigvis nokon som skifta talemål; ein fekk berre til relativt like skriftspråk. Og sjølvstgt er meiningane delte om dette.

På foredraget om kinesisk fekk vi høyre at skriftteiknet for kjøteik var omdiskutert. Det

klassiske teiknet har nokre fleire «krusedullar», som visstnok symboliserer hjartet, mens det forenkla teiknet ikkje har dette. Tradisjonalistane meiner «hjartet» er viktig, mens andre kan skje heller tenkjer «tomeito-tomato».

Hos oss finst dei som ikkje skjønner når vi skriv «kjærlighet» er for platt.

Men uansett om ein diskuterer norsk eller kinesisk skriftspråk, er det vel innhaldet i ordet som tel?
Jens Haugan



La bilen få helgefri og ta bussen dit du skal

Støtt bliffrige dager 21. og 22. september og ta bussen i stedet. Vi gir deg reduserte priser på alle bussturer i Hedmark disse dagene.

hedmark-traffikk.no

hedmark trafikk

